



**HØGSKULEN I VOLDA**  
Volda University College

## Nyhendebrev nr. 10, 9.mars 2023

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [johann.roppen@hivolda.no](mailto:johann.roppen@hivolda.no).

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)



### Bokslepp 10. mars: Frå skule til vaksenliv

Fredag den 10. mars kl 11.30 blir det lanseringsarrangement på HVO-biblioteket for boka "[Life Course of Special Educational Needs Students. Norwegian School Experiences and Long-term Consequences](#)".

**LES MEIR**



### "Kvinneløft" på kvinnedagen

8. mars markerte Høgskulen i Volda både Kvinnedagen og [avslutninga av kjønnsbalanseprosjektet Kvinneløftet](#). Førstelektor Kari Ryslett, professor Torhild Høydalsvik og professor Helga Synnevåg Løvoll, alle deltakarar i Kvinneløftet, fortalde om sine opprykksprosessar.

**LES MEIR**

## Studium og studentliv

## Studentar har fått kjøpe alkohol med "Voldakortet"

Nærnett skriv at studentar i fleire år har fått kjøpe alkohol med "Voldakortet", som er eit gåvekort på kr 5.000 som kommunen gir til studentar som melder flytting til Volda. Å bruke Voldakortet til å kjøpe alkohol er i strid med føresetnadene for kortet og kommunen og Volda næringsforum vil no skjerpe inn praksisen. [Les meir på Nærnett.](#)

## Berre i Volda: Samarbeid mellom helse- og sosialfag og teater

Det blir tverrfagleg samarbeid i praksis nå studentar på sosionom og barnevern kjem til institutt for teater for gjennomføre praktiske dramaøvingar - for å bli betre i yrkesutøvinga si som helse- og sosialarbeidarar. [Les meir på nettsidene våre.](#)

## Menyen i kantina neste veke

Måndag: Chana masala (vegetar/vegan)  
Tysdag: Steikt laksefilet med smørsaus og grønnsaker  
Onsdag: Kebab-buffet  
Torsdag: Potetball med tilbehør  
Fredag: Tacobuffé

# Faglege arrangement - og fristar

## **SEANSE: Inviterer til kunstnartreff 14. mars - Møt mannen bak maskorama-maskene - påmeldingsfrist 6. mars**

Møre og Romsdal fylkeskommune og Seanse – senter for kunstproduksjon inviterer til kunstnartreff 14. mars. På kunstnartreffet vil deltakarane få møte designar Kjell Ingebretsen Nordstrøm - alias Baron von Bulldog og høyre hans tankar om kunstnarleg inspirasjon. Han har blant anna arbeidd med Maskorama - og TV-serien Exit.

Fire kunstnarar som har fått Møre og Romsdals kunstnarstipend får presentere seg: Kunstnar og musikar Henrik Koppen. Filmskapar Jan Otto Ertesvåg. Elin Grimstad som driv med animasjon og litteratur. Og Ann Helen Kolås Ingebrigtsen som er forfattar. Dei vil fortelje om sine prosjekt og dele sine erfaringar.

Seanse og fylket har ambisjonar å få til ein møteplass mellom kunstnarar på tvers av uttrykk som kan gi nye og spennande samarbeid, og å synleggjere kunstnarane og arbeidet dei gjer. Kunstnarar, studentar, kommunar og kunst- og kulturinstitusjonar og andre interesserte er velkomne til å delta på dette kveldsarrangementet.

[Meir informasjon om arrangementet finn du på nettsidene til Seanse](#). Ligg også på Høgskulen sine nettsider.

### **Nytt kurs i høgskulepedagogikk: Formidling i høgare utdanning: Søknadsfrist 15. mars**

Formålet med emnet er å gje deltakarane praktisk og teoretisk innsikt i arbeidet med kommunikasjons- og formidlingsteknikkar i ein didaktisk kontekst, både i det fysiske og det digitale klasserommet. Tilhøvet mellom teori og praksis, etiske problemstillingar og profesjonstilhøyrgheit står sentralt. Deltakarene vil arbeide med mellom anna:

- Analyse av eiga undervisning knytt til kommunikasjonsmodellar,
- Praktiske og teoretiske øvingar knytt til ulike formidlingsteknikkar
- Mikrofon og kamerateknikk
- Dramaturgi som didaktisk verkemiddel

Studiet skal stimulere til kontinuerleg utvikling av faglærer sin pedagogiske kompetanse. Emnet kan også inngå i pedagogisk merittering. Emneansvarleg er [førstelektor Vibeke Preus](#), AKF. Den første samlinga blir arrangert 20.-21. april. [Les meir om emnet på nettsidene våre](#). Søknadsfristen er 15. mars 2023 - [søk om opptak på denne lenka](#).

### **Støtte til utvikling av engelskspråklege emne - søknadsfrist 15. mars**

Internasjonalt utval har lyst ut midlar til oppretting eller utvikling av engelskspråklege emne, og søknadsfristen er 15. mars. Eit emne på 15 studiepoeng kan få inntil kr 75.000 i støtte. Internasjonalt utval handsamar søknader i møte 27. mars, og det er ein føresetnad at emnet er eller vert godkjent av Utdanningsutvalet. Prorektor Odd Helge Tonheim sende invitasjon til alle tilsette 3. februar, og der låg det også ved meir informasjon om utlysinga og krav til søknader. Søknader skal gå gjennom aktuell avdeling.

### **Læringsverkstaden: Utviklingsmidlar til studentaktive lærings- og vurderingsformer**

Høgskulen i Volda ønsker å ha eit variert og nyskapande læringsmiljø med høg kvalitet, som det står i strategiplanen. Eitt tiltak for å nå dette målet er å tildele midlar til prosjekt innan studentaktive lærings- og vurderingsformer, og [Læringsverkstaden](#) inviterer tilsette på HVO til å sende søknader om midlar til prosjekt. Prosjekta kan maksimalt få kr 50.000, og søknadene vert handsama etter kvart som dei kjem inn. [Meir informasjon om utlysinga er i nyhendebrev frå Læringsverkstaden](#).

# Fag og forskning

## Spennande samarbeid med museumssektoren

«Religiøs kultur i regional kontekst gjennom det lange 1800-talet» var temaet for eit tverrfaglig forskingsseminar som vart arrangert på Høgskulen i Volda 1. mars. På seminaret deltok rundt 25 fagfolk frå Romsdalsmuseet, Viti-musea, NTNU, Universitetet i Sørøst-Norge og forskarar frå Høgskulen i Volda (HVO). [Les meir om seminaret på nettsidene våre.](#)

## Læringsverkstaden: Automatisert tale-til-tekst - nytt verktøy ute på prøve

I nyhendebrief frå Læringsverkstaden står det at tilsette ved Høgskulen i Volda fram til påske kan prøve ut verktøyet Autotekst. Dette kan brukast til å transkribere lyd- og videopptak og til teksting av undervisningsvideoar. Ut frå erfaringane med verktøyet vil Læringsverkstaden eventuelt kjøpe inn Autotekst. Læringsverkstaden held 14. mars kurs i bruk av Autotekst. Les meir i nyhendebriefet eller på [nettsida til Læringsverkstaden.](#)

## Werenskjold inn i redaksjonsrådet i "The Sixties. A Journal of History, Politics and Culture"

[Professor Rolf Werenskjold](#) har takka ja til å bli medlem i redaksjonsrådet (Editorial board) i tidsskriftet "[The Sixties. A Journal of History, Politics and Culture](#)". Tidsskriftet heitte inntil 2022 "The Sixties: A Journal of History, Politics, and Culture".

# Styre og stell

## Møte i høgskulestyret 9. mars

Høgskulestyret har sitt første møte i 2023 torsdag 9. mars. Styresakene kan lesast på den [faste nettsida til høgskulestyret](#). Møtet blir overført på video og [her er lenke til møtet](#).

## Val av tilsettere representantar til høgskulestyret 2023-2027

Valstyret har lyst ut val av tilsettere representantar til komande fireårsperiode for [høgskulestyret](#). Det skal veljast fire representantar - tre faglege og ein frå teknisk/administrativt tilsette. Nominasjonsperioden går fram til 14. april og sjølv valte blir gjennomført som elektronisk val i tida 8. til 15. mai. [Les meir på nettsidene til valstyret](#).

## **BK-huset: Tre veker med ventilasjonsarbeid**

Statsbygg skal bytte aggregat i ventilasjonsanlegget i Berte Kanutte-huset. Dette skal skje i veke 11-13, frå måndag 13. mars. Dette vil gi oss betre luft på Berte Kanutte-huset, som er godt nytt. Men i perioden arbeidet pågår vil ventilasjonen vere avskrudd i første, andre og tredje etasje, med unntak av biblioteket, kantina, undervisningsromma, toaletta i underetasje og første etasje. Råda vi har fått for å ha eit godt arbeidsmiljø i denne perioda er å lufte nokre gongar om dagen, og ved behov. Vi er råda til å unngå toalettområda der ventilasjonen er avskrudd. Nytt difor gjerne toaletta i underetasjen om mogleg. Det er også mogleg å avtale heimekontor med næraste leiar for dei som opplever at lufta vert dårleg.

## Nytt om namn

**Vi vil gjerne sjå deg: Legg inn bilde på nettsida di på [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)**

Det er mange tilsette som har teke til i stilling på HVO no i haust. Alle tilsette får automatisk ei personleg side på [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no). Alle tilsette blir med dette oppmoda til å legge inn bilde av seg sjølv på den personlege sida, så blir det lettare å bli kjent med mange nye ansikt. [Her er rettleiing til korleis ein skal oppdatere si personlege side](#).

## **Erlend Walseth: "Sæbø er ei nesten perfekt bygd"**

Nærnett - og Radio Volda - har intervjuet [høgskulelektor Erlend Walseth](#) om korleis det er å bu på Sæbø. Og han seier at Sæbø: "Ikkje er perfekt, men er ei nesten perfekt bygd", og sjølv har han gått frå å vere fråflyttar til å bli ivrig frivillig på Sæbø. [Les meir på Nærnett](#).

## **Tidlegare HVO-tilsett vart prorektor ved Oslomet**

Professor Silje Bringsrud Fekjær har vorte [tilsett som prorektor for utdanning ved Oslomet](#). Fekjær har tidlegare i ein periode vore tilsett på lærarutdanninga ved Høgskulen i Volda.

## Nytt om tilsette på Høgskulen i Volda

### Fellesadministrasjonen:

[Gerd-Mette Vatne Drabløs](#) har teke til i fast stilling som studiedirektør

[Geir Egil Kristiansen](#) har teke til i fast stilling som førstekonsulent på Økonomi

[Ida Haug Theodorsen](#) har teke til i vikariat som rådgjevar i Forskingsadministrasjonen

### Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning:

[Lene Alvestad](#) har teke til i fast stilling som økonomirådgjevar frå 01.03.23

[Farzad Boobani](#) har teke til i fast stilling som førsteamanuensis på språk og litteratur

[Ingrid Vee Hagestuen](#) har fått fagleg opprykk til høgskulelektor

### Avdeling for mediefag:

[Linda Halse Digernes](#) har teke til i engasjement som høgskulelærer

[Janina Wildermuth](#) har teke til i engasjement som vitenskapelig assistent

Karsten Quix har teke til i engasjement som vitenskapelig assistent

Desse har vorte tilsette som studentassistentar fram til sommarferien: Konrad Hjemli, Mailee Michalon, Mathias Morken og Christian-Nicolai Wølner Voss

### Avdeling for samfunnsfag og historie:

[Ellen Madssen Andenes](#) har fått fagleg opprykk til førstelektor

## Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

[Førstekonsulent/seniorkonsulent på Avdeling for mediefag](#) - søknadsfrist 9.3.2023

[Professor / dosent / førsteamanuensis / førstelektor / høgskulelektor i samfunnsvitenskap](#) - søknadsfrist 10.3.2023

[Førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor i matematikdidaktikk/matematikk](#) - søknadsfrist 17.3.2023

[Førstekonsulent i studieadministrasjonen, engasjement \(1-2 stillingar\)](#) - søknadsfrist 23.3.2023

## Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

### Faglege og sosiale arrangement og hendingar på og ved HVO:

#### Våren 2023:

9.3.2023: [Høgskulestyret](#)

14.3.2023: [Seanse: Kunstnartreff](#), Henrik Kaarstad-huset

16.-17.3.2023: ASH Avdelingsseminar

23.-24.3.2023: [Skuleleiarkonferansen](#), Molde

29.3.2023: Konsert med høgskulekoret

29.3.2023: [Tekst og tanke](#), biblioteket

30.4.2023: [Næringskonferansen for Søre Sunnmøre](#), Ørsta

20.-23.4.2023: [X2-festivalen](#)

11.-12.4.2023: AKF Avdelingsseminar

26.4.2023: [Tekst og tanke](#), biblioteket

3.-4.5.2023: Styreseminar og [møte i høgskulestyret](#)

4.-7.5.2023: [Den norske dokumentarfilm-festivalen](#)

25.-26.5.2023: [NOA - Nasjonal konferanse om norsk som andrespråk](#), HVO

31.5.2023: [Tekst og tanke](#), biblioteket

31.5.-1.6.2023: AMF Avdelingsseminar

15.6.2023: [Høgskulestyret](#) (siste i styreperioden)

20.-21.6.2022: [Fjordkonferansen](#), Loen

#### Hausten 2023:

1.8.2023: Ny fireårsperiode for styre, rektorat og 3 dekanar

15.8.2023: [Studiestart studieåret 2023-2024](#)

[Sunnmøre Kammermusikkfestival](#)

7.9.2023: [Høgskulestyret](#)

[Animation Volda](#)

26.-27.10.2023: [Høgskulestyret \(seminar og styremøte\)](#)

7.12.2023: [Høgskulestyret](#)

## Våren 2024:

7.3.2024: Høgskulestyret

8.5.-9.5.2024: Høgskulestyret (styreseminar og styremøte)

30.6.2024: Høgskulestyret

## Faste lenker:

### LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

### REKTORBLOGGEN

9.3.2023: [Orientering til høgskulestyret, mars 2023](#)

23.2.2023: [Norskopplæring for internasjonale tilsette](#)

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

### HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Finn-ein-forskar-på-HVO](#)

[Tiktok](#)

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[Finn-ein-forskar](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg](#)

[Fjordkonferansen](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget \(Berte Kanutte-huset\)](#)

[Offentleg journal \(postliste\)](#)

[Nye bøker i HVO-biblioteket](#)

### STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:



[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[StudentTV](#) - Sjå også [Youtube-kanalen](#)

[Radio Volda](#)

[Nærsynet](#)

[Nærnett](#)

## Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](tel:70075000)

E-post: [postmottak@hivolda.no](mailto:postmottak@hivolda.no)

[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)